

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 14/5759-5

Forvaltningsrevisjon - Fylkesarkivet - Prosjektplan

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Prosjektplanen datert 08.10.2014 frå Deloitte AS vert godkjent slik den ligg føre.
2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan utgangen av februar 2015.

Vedlegg:

- Prosjektplan frå Deloitte AS datert 08.10.2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Fylkestinget vedtok revidert plan for forvaltningsrevisjon 11.06.2014 i FT-sak 4/14. I planen forvaltningsrevisjon av fylkesarkivet prioritert som nr. 3.

Kontrollutvalet vedtok å bestille forvaltningsrevisjon av Fylkesarkivet i KU-sak 40/14 i møte 23.09.14.

2. Vurderingar og konsekvensar

Prosjektplanen er i store trekk i samsvar med bestillinga som kontrollutvalet vedtok 23.09.14. Utvalet ba i bestillinga om at prosjektet skal ferdigstillast innan utgangen av februar 2015, noko revisor stadfester i prosjektplanen, men med atterhald om at dei får nødvendig dokumentasjon til rimeleg tid i tillegg til at utvalde personar stiller til intervju og verifiserer intervjureferat innan fastsette fristar.

Deloitte har i prosjektplanen stipulert at det vil ta 235 timar å gjennomføre prosjektet.

Revisor har i telefonsamtale med sekretariatet gått gjennom problemstillingane. Revisor har operasjonalisert problemstillingane slik at prosjektet skal verte mogleg å gjennomføre. Det er også endra litt på problemstillingane – utan at dette har noko å bety for intensjonen i bestillinga frå kontrollutvalet. Endringane er også gjort for å tydeleggjere intensjonen om å gjennomføre ein kontroll av primært kommunearkivordninga.

3. Konklusjon

Endring og operasjonalisering av problemstillingane medfører ikkje endring av prosjektet sitt formål. Endringane er gjort for å kunne få eit best mogeleg resultat ut av forvaltningsrevisjonsprosjektet.

Kontrollsjefen vurderer framlagd prosjektplan som eit dokument som er i samsvar med bestillinga frå kontrollutvalet og at den gjev eit godt grunnlag for å få gjennomført forvaltningsrevisjon av fylkesarkivet på ein god måte.